



Grovmessingen til Uskedalen Skulemusikk (foto: Thor Inge Døssland).

Husnes skulekorps var i ettermiddag arrangør av kombinert basar og konsert i idrettshallen ved Sunde skule. Uskedal skulemusikk var invitert som gjester til det som skulle visa seg å verta ei svært så triveleg ettermiddagsstund.



Lysmessingen gjorde sitt til for å få fram samspelet i korpset (foto: Thor Inge Døssland).

I salen var det pynta med småbord, og ein fekk alt som skulle til for at det skulle bli ein perfekt søndags ettermiddag. I tillegg til flott korpsmusikk vart publikum servert kaffi, saft og stor mengder velsmakande kaker. I ei slik stund høyrer sjølvsagt loddsal med. Primus motor, Einar Oppedal, hadde eit stort gevinstbord, noko som gjorde at ein stor del av publikum fekk oppleva gleda av å sitja med vinnarlottdet.

Begge korpsa kom fint frå sine musikkframføringar. Uskedal skulemusikk opna programmet med 'Keep mooving on' av Ray Sachs og heldt fram med det svingande stykket 'The Bare Necessities' frå 'Jungelboken'. Dette var første gong korpset opptredde under sin nye dirigent, Liv Signe Bleie Ulvestadbakken. Dei har all grunn til å vera fornøgde. Det var god ballanse mellom gruppene, og dei ulike stemmene kom godt fram.

Husnes skulekorps hadde og invitert Herøysund skulekorps. Dei to korpsa har same dirigent, Kjell Skarsfjord, og dei var slått seg saman til eitt korps som hadde samarbeidd fram mot denne konserten. Dei spela m.a. 'Cha Cha Cha', 5 songar frå Emil i Lønneberget og 'In the summertime.' Det ligg gode muligheter i dette korpset. Eg vil tru at ein kjem til å byggja vidare på samarbeidet i tida framover.

Som sagt ei triveleg stund på Sunde. Det er viktig å koma ut og opptre saman med andre korps. Tydeleg at uskedalingane sette pris på å verta invitert til 'duk og dekkja bord'. Derfor var det ein gledeleg stor delegasjon som hadde teke turen til Sunde.

Av Thor Inge Døssland



Det sosiale utanom spelinga er også viktig (foto: Thor Inge Døssland).